

HORDALAND SOGELAG

Protokoll frå styremøte måndag 13. oktober 2008

Stad: Fylkesarkivet i Hordaland, Agnes Mowinckelsgt. 5, 5020 Bergen, rom 380

Til stades: Else Marie Kind Hevrøy, Mikal Heldal, Øivind Teigen, Einride Aakra og Jarleiv Haugland

SAKSLISTE:

Sak 24/2008: Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkallinga vart godkjend utan merknader. Jarleiv tok på seg å skriva protokoll.

Sak 25/2008: Godkjenning av protokoll frå styremøte 11.09.2008

Protokollen vart godkjend utan merknader.

Sak 26/2008: Innkomne skriv og meldingar

- Temahefte
Mikal orienterte. Alle medlemmene i nemnda har svara ja til å vera med. Det er ønskeleg med eit oppstartmøte der styret i HS er med. Møtet vert lagt til 29. november på Hotell Terminus.
- Nøkkelen nr.3/2008
Hefte var tilgjengeleg for dei som ynskte.
- Kulturarven – september 2008
Hefte var tilgjengeleg for dei som ynskte.
- Skottehandelen – utstilling – status
Mikal orienterte og melde om god framdrift på arbeidet. Søknad om midlar vert å senda til ”Arkiv, bibliotek og museum” innan 15. november.

Sak 27/2008: Medlemsbrev

Else Marie sender ut medlemsbrev med følgjande tema:

- Informasjon om årsmøtet
- Skottehandelen. (Her lagar Mikal skriv)
- Temahefte (Her lagar Mikal skriv)
- Adressa til heimesida til HS
- Studieturar 2009

Sak 28/2008: Studieturar 2009

Det har kome inn ønske om Irland og Normandi som reisemål for studieturen 2009. Mikal innhentar tilbod for begge reisemåla, og i medlemsbrevet under ”studieturar” ber ein om tilbakemelding om kva reisemål som vert føretrekt. Styret vil deretter beslutta reisemål for studieturen 2009 og be om påmelding.

Sak 29/2008: Årsmøtet og lokalhistoriske dagar 2009

Årsmøte og lokalhistoriske dagar 2009 vert 28. og 29. mars.

Aktuelle emne kan vera:

Utvandring frå Voss

Om Knute Nelson

Fjordferdsla Bolstad-Bergen

Den lokale organisasjonsnemnda melder at arbeidet er i godt gjenge.

Sak 30/ 2008: Langtidsplan

Langtidsplanen er generell i forma, så lite er naturleg å endra. Derfor er det viktig at verksemdplanen er godt gjennomarbeidd og konkret. Begge planane vert å ta opp på neste møte.

Sak 31/2008: Eventuelt andre saker

a) Heimesida til HS

Bente har bede om å få tilsendt stoff, så skal ho leggja det inn. Styret drøfta kva tema som kan vera aktuelle, og bestemte følgjande:

Studieturar

Mikal skriv kort om studieturar og opplyser om aktuelle nettadresser.

Temahefte

Her legg ein inn same informasjonen som vert send ut i medlemsbrevet.

Skottehandelen

Her legg ein inn same informasjonen som vert sendt ut i medlemsbrevet.

Bildearkiv

Mikal snakkar med Knut Rage om struktur.

Bente bør få stoffet innan utgangen av 2008 slik at det vert publisert januar 2009.

b) Arbeidsmiljøseminar

Else Marie orienterte om invitasjon til Arbeidsmiljøseminar 13. desember 2008. Styret fann at seminaret ikkje er relevant for HS.

Neste møte vert laurdag 29. november.

Protokollen vert send til følgjande:

Else Marie Kind Hevrøy (leiar)

Ebbesvika, 5350 Brattholmen, tlf. 56 33 11 16 (p) mobil 906 28 722

e-post: elsemarie@c2i.net

Sigrd Kaale (skrivar)

Bjørkevn. 19, 5712 Steinstø, tlf. 56 55 79 42 (p) mobil 971 51 062

e-post: sigridkaale@hotmail.com

Mikal Heldal (nestleiar)

Bøneslien 8 B, 5155 Bønes, tlf. 55 12 07 57 (p) mobil 480 96 673

e-post: Mikal.Heldal@bio.uib.no

Øivind Teigen (kasserar)

Bjørgåsvegen 125, 5707 Evanger, tlf. 56 52 16 65 (p) mobil 413 11 665
e-post: ovind.teigen@hjemme.no e-post: ovind.teigen@voss.kommune.no

Jarleiv Haugland (styremedlem)

5912 Seim, tlf. 56 34 18 19 (p) mobil 958 35 430
e-post: JAHA@StatoilHydro.com

Åse Eikemo Strømme

Lågaskaret 22, 5724 Stanghelle, tlf. 56 59 50 52 (pr.)55 30 60 93 (a.)
mobil. 928 41 359 e-post: aase.stroemme@ikah.no

Einride Åkra

Moe, 5590 Etne, tlf. 53 75 70 55 (p) mobil 952 14 623
e-post: sjur.aakra@c2i.net

+ til (heimesida) Bente Kopperdal Hervik

Halland, 5936 Manger, tlf. mobil 992 45 469
e-post: bkhervik@yahoo.no